



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 22.06.2016
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 11:15 - 13:45

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	Meldt forfall, vara innkalla

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
041/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
043/2016	Orienteringssaker
042/2016	Godkjenning av møtebok

Notat frå møtet:

Møtet vart halde etter kommunestyremøte samme dag.

041/2016: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

043/2016: Orienteringssaker

Behandling:

Modalen sandtak P/L - synfaring 11.30-12.30

Ordfører hadde avtalt synfaring ved Modalen sandtak. Torbjørn Trohaug og Terje Nygard orienterte om endringar i drift og anlegg.

Frank Stian Steinsland deltok under synfaringa sidan Linda Neset vil vere ugild ved seinare handsaming av søknad om stønad frå næringsfondet.

Modalstunet - avtale med Vaksdal kommune

Ordfører og rådmann orienterte om framlegg til avtale med Vaksdal kommune vedkomande opphøyr av driftssamarbeid og oppgjer av felles eigarskap. Rådmannen orienterte om økonomisk verknad av dette for 2016.

Søknad til Hordaland fylkeskommune - kompensasjonsmidlar 2015-16

Kopi av søknad var sendt formannskapet pr. epost til orientering innan søknadsfristen.

Ordfører orienterte om innsendt søknad. Prosjektkostnad kr 600.000 totalt søknadssum kr 450.000.

Prosjektet gjeld utbetring flytebyggje og straumanlegg i hamna.

Ny komfyr - samfunnshuset på Mo

Teknisk sjef har no tinga ny komfyr etter samråd med brukarane av kjøkkenet. Kjem på plass i juli.

Arbeidet med budsjett /økonomiplan for neste år

Formannskap/kommunestyre ønskjer å kome tidlegare inn budsjettprosessen. Korleis ein skal leggje opp arbeidet i haust vart drøfta.

Oppfølging:

Einingsleiarane vert invitert til kommunestyremøte den 22.09. for ei kort orientering om sine

ansvarsområde i høve drift- og investeringsbehov for neste år.

Det er vidare sett av 2 dagar til opne budsjett-drøftingar i formannskapet 18. og 19. 10.

Områdeplan Otterstad - Trohaug

Grunna arbeidet med kommunereforma vart dette arbeidet sett på vent i vår. Organisering av vidare prosess og vegval vart drøfta.

Formannskapet vil vere styringsgruppe for planarbeidet, men det er viktig med ei brei politisk forankring i kommunestyret for å kunne gjennomføre ein rasjonell og kostnadseffektiv planprosess.

Oppfølging:

Formannskapet gjev dette arbeidet høgast prioritet i haust. Problemnotat som vart utarbeida hausten 2015 vert lagt til grunn for ei nærmare drøfting i første formannskapsmøte etter ferien - 06.09.

Formannskapet sine tilrådingar vert deretter drøfta i kommunestyremøte den 22.09. slik at ulike vegval vert avklara før konsulent vert engasjert.

Administrasjonen førebur sak for engasjement av konsulent - utlysing doffin.

Servicebygg / kommunehus på Mo

Oppfølging av skisseprosjektet vart drøfta. Det er no gjort så mange utgreiingar og vurderingar at kommunestyret no må ta stilling til om prosjektet skal realiserast eller leggjast bort.

Oppfølging:

Administrasjonen førebur sak om prosjektet i haust.

Vedtak:

042/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre
